



FINN ROTÅRSÅK, SKAP TILTAK OG NÅ MÅL MED A3!

Tema/utfordring/mål

*Kva skal løysast
Kva er målet
Kva er utfordringa?*

Utvikle eit verktøy til leiarane som kombinerer Lean sin filosofi, prinsipp og metodar med anbefalingane i 10 faktor analysen. Verktøyet skal nyttast og slik støtte leiarane i etterarbeidet i avdelingane når resultat etter 10 faktor undersøkinga føreligg. Skal metodisk, systematisk og pedagogisk støtte avdelingane å sette konkrete mål for utvikling av ein god arbeidskultur.

Bakgrunn

*Kvifor er dette temaet valt?
Innhald som grunnjev valet
Viktigheita av utfordringa, for kven – verdi for*

Det er behov for å gje leiarane eit verktøy som dei kan nytte for å skape dialog med medarbeidarane kring korleis ivareta, utvikle og skape god arbeidskultur i avdelingane. Vi ønskjer å utforme prosessen som ein workshop der drøftingane går kring ein bordduk der tema og oppgåver som skal føre til mål, leverelar og tiltak for arbeidskulturen i avdelinga ut frå undersøkinga sine resultat.

Situasjonen i dag

Kvar er vi i dag i høve temaet/utfordringa/målet?

I dag er det opp til leiarane korleis dei vil jobbe med resultatene etter arbeidsmiljøundersøkinga. Etter innføring av Lean som driftsstrategi ønskjer man å følgje prinsippet om mest mogleg like metode. Likt verktøy for utvikling av arbeidskultur vil også gje leiarane ein felles referanseramme å støtte kvarandre i si leiarutvikling på.

Analyse - fiskebeinsanalyse

Moglege/sannsynlege årsakar og/eller verknader

*Kvifor 1 – menneske
Kvifor 2 – kultur og miljø
Kvifor 3 – maskiner/system
Kvifor 4 – metode*

Vi ønskjer å involvere medarbeidarane mest mogleg i leiar- og organisasjonsutvikling i form av feedback og utvikling av arbeidskultur i form av involvering. Vi ønskjer å skape ein felles kultur og metode i Lindås kommune for korleis utvikle arbeidsmiljøet vårt. Vi ser på involvering av medarbeidarar som essensielt for å lykkast med våre mål, derfor legg verktøyet vekt på medarbeidarskap i form av open og konstruktiv dialog og innspel frå begge partar – medarbeidar og leiar – og slik sette fokus på styrken i engasjement frå medarbeidarane når man skal skape ein god arbeidskultur. Dette verktøyet vil hjelpe leiarane i deira utvikling av seg sjølv og medarbeidarane, og sikre kontinuerlig forbetring og læring ved hjelp av sentrale verktøy innan LEAN.

Kvar skal vi – tiltak: konkrete, kvalifiserte, kostnadsvurderte, leveransetid, HMS

Kva	Korleis	Kvar	Kven	Når
Utvikle innhald for prosess for å sette mål for arbeidskultur	Bruk av Lean og 10 faktor	Internt	LEAN ressursteam	Juni-august
Sette innhald inn i eit metodisk, systematisk og pedagogisk verktøy	Lage bordduk til bruk i workshop i avdelingane	Ekstern ved bruk av konsulent på layout	Konsulent i tett samarbeid med LEAN ressursteam	Juni - august
Bordduk	Trykking	Ekstern trykkeri tilknytta konsulenten	Trykkeri i tett samarbeid med Lean Ressursteam	August

Effektmåling – Gradvis betre resultat på arbeidsmiljøundersøkinga fordi medarbeidarane har vore sterkt involvert i utvikling av eigne levereglar for sin arbeidskultur i avdelinga.